

Årsmelding 2017 Hornindal og Markane skyttarlag

Styret

I styre har vore: Paul Andreas Hatledal (leiar) Idar Nygård (nestleiar) Thore Heggen (sekretær) Ann Therese Gausemel (styremedlem) Rita Gausemel (styremedlem) Ronny Heggen (kasserar og rekneskapsførar)

Vara til styret har vore: Susanne Hove Sollid og Inger Marie Svingeset.

Det har vore halde 10 styremøter og handsama 77 saker.

Anlegg

Også dette året har det vore ein stor og omfattande dognadsinnsats. Dei nye standplassbygningane vart overlevert frå entreprenør til DFS og deretter til Hornindal og Markane skyttarlag rett før jul 2016. Utover vinteren og våren har det vore jobba intenst med å få på plass alle våre tekniske installasjonar, boksar for monitorar, innreiing av kommandorom etc.

Mykje regn førte til at det rasa ned ganske mykje masse framme ved 100 m skivene. Det vart då bestemt å plastre store deler av skråninga, noko som vart ein stor ekstrakostnad for oss. Vi erfarte også at nedslagsfeltet bak skivene både på 100 m og 200 m var konstruert med litt for bratt vinkel, og det vart gjort eit betydeleg arbeid med å flate ut desse. For å få utbetra nedslagsfeltet på 100 m, måtte den gamle grava sanerast. Ein epoke er over.

Tidleg på våren fekk vi opp skiver på 100 m, og alt stod klart til bruk når jegerskytinga tok til. Beising av bygningar må også nemnast. Dette er eit stort og tidkrevande arbeid, men med god innsats frå mange av medlemmane, var alt klart til den offisielle opninga laurdag 8.juli.

I si opningstale sa generalsekretær i DFS Jarle Tvinnereim at vi no har eit av dei flottaste skyteanlegg i landet. Han gav ros til laget for å kome med nye innspel for å betre anlegget, og sa også eit fleire av innspela frå oss vil bli innarbeidde i framtidige planar for skytebaner.

Vi er svært takksame for det bidraget DFS har kome med. Uten det hadde det i alle fall ikkje blitt eit så flott og moderne anlegg. Anleggsnemnda med Jan Flore, Idar Nygård og Rasmus Flore har gjort eit stort og viktig arbeid med å få dette i land. Eg vil likevel gje ein ekstra honnør til dognadsleiar Idar Nygård. Han er den som har desidert mest dognadstimar på bana, i tillegg til å administrere alle dei andre og få på plass nødvendig materiell til rett tid.

Stor takk også til entreprenørar og alle som har bidrige med dognadsarbeid og sponsa oss med materiell og pengegåver.

Arrangement.

Laget har i år arrangert Vintertreffen i miniatyr 28. - 29. januar med 126 deltakarar.

Laget fekk 2 klassevinnarar: Geir Magne Muldsvor i kl. J med gode 249 p og Rasmus Brendefur i kl. NV med 225p

Finale i Retracup 7. og 9. mars (Samlaget er arrangør)

Lagsskyting miniatyr med 24 deltakarar.

Feltstemne i april med 31 deltakarar på grovfelten og 36 på finfelten

Klassevinnarar Kåre R. Haugen og Kjetil Leite.

Lagsskyting felt med 13 deltakarar.

Det har ikkje vorte arrangert lagsmeisterskap bane, men det kan takast att neste sommar.

Olsokstemnet i år samla 255 deltakarar. Dette er ein bra auke i høve til siste år, men likevel litt skuffande med tanke på at LS var i Førde. Veret må også ta sin del av skulda. Eit voldsomt torek med flaum og øydelagde vegar gjorde nok sitt til at fleire valde å halde seg i ro.

Toreveret førte også til problem med dataanlegg, men det meste vart ordna, og alle som kom fekk skyte.

Vinnar av stemnet vart Ole Magnus Bakken med tangering av den "uslåelege" rekorden til Ole Arild Aa på 397p.

Det vart vist mykje god skyting, og vi fekk mange gode tibakemeldingar på bana.

Aktivitet / rekruttering / resultat.

Rekrutt-treninga starta i november og innandørssesongen vart avslutta i midten av april.

Nokre av skyttarane har vore med på samlingar i regi av samlaget. Dette er inspirerande både skytemessige og sosialt. Reknar med at det vert noko tilsvarende opplegg denne sesongen.

Vi har ein bra gjeng som er med på innandørstreninga, men skulle gjerne sett at det var fleire som ville vere med på stemner. Ansvarleg for rekruttetrening har vore AnnTherese Gausemel. Den årlege aktivitetsdagen på Sindre for mellomtrinnet og ungdomsskulen vart dessverre avlyst pga veret, men vi satsar på å kome sterkt tilbake neste år.

Vi fekk tidlegare i år spørsmål frå DFS v/ Jarle om vi ville vere med i eit pilotprosjekt som går ut på eit tettare samarbeid mellom Skiskyttarforbundet og DFS. Styret var positiv til dette, og Skyttarlaget har gjort avtale med skiskyttargruppa i Markane i.l. om instruksjon og skytetrening på innandørsbana vår. Eit av vilkåra i avtalen er at dei skiskyttarane som er med på opplegget melder seg inn i laget og deltek på minst eit ope stemne. Frå skyttarlaget si side vart det presisert at skiskyttarar frå Hornindal skal få same tilbodet.

Av gode resultat må nemnast at Bjørn Ove Mulds vor vart samlagsmeister felt senior og Geir Magne Mulds vor samlagsmeister i kl. J Kåre R. Haugen vart her vinnar av kl. 1

Geir Magne er også nr. 2 i lista over dei 100 beste på 25 skot miniatyr. Snitt: 247,8 p

Samlagsstemne i miniatyrskyting: Knut Lillestøl vann kl. V65 og Alf Roger Mulds vor vart nr. 2 i kl. 3 - 5.

Landsdelskretsstemne i felt: Knut Lillestøl vart nr. 2 i kl. V65

Landskyttarstemne i Førde: Bjørn Ove Mulds vor og Alf Roger Mulds vor fekk begge 29 treff på innleiande skyting. I finalen skaut Bjørn Ove 11 treff. Det vart ein flott 82 plass og medalje. Alf Roger fekk 8 treff i finalen og enda litt lenger ned på lista.

Silje Veronica Ludvigsen vart nr. 2 i sin klasse i skogsløp med skyting berre 19 sek. bak vinnaren. Det må også nemnast at Hornindal og Markane vart nr. 3 i lagskytinga på samlagstemnet, berre 1 p bak Hyen. På laget var Silje Veronica Ludvigsen, Geir Magne, Bjørn Ove og Alf Roger alle med etternamn Mulds vor.

Årsmelding 2017 Jegerutvalet

Årets cupskyting var med samme antall skyttere som forrige år.

Gode prestasjoner av mange.

Finkaliber klassen var der ingen deltakere.

Jaktpøve skyting i Juli var en tabbe. Kolliderte med Olsokstemne slik at vi fikk kun 2 skiver å skyte på den eine kvelden.

Måtte til med 2 ekstra kvelder i august for at alle skulle få ta prøva.

Opplevde at det var skyttera som hadde vore på treningsskyting fredag og fått signert både treningskot og godkjent oppskyting på hjortefigur av personer som ikkje er i jegerutvalget. Må få klarheit i kva som er gjeldande instruks slik at en slepp den utidige diskusjonen som var i år.

Neste år er vårt forslag at når cupen er ferdig så starter en først opp med jaktpøveskyting siste tirsdag i juli og fram til 21 aug. Totalt 4 kvelder .

Utleige.

Bana har vore utleid til Stryn og Hornindal Jeger og Fiskeforeining og politiet.

Det er gjort avtale med Sudstranda skyttarlag om leige av bana 3 kveldar for sesongen til trening og hjorteprøve.

Bingo

Inntekt av bingo har dette året vore mykje betre enn på lenge. Bruttoomsetning på ca. 95.000,- er vi godt nøgde med. Vi ser fram til neste sesong med optimisme.

Medhjelparar til bingoen har stort sett møtt opp, men det har vore ganske mykje omrokeringar frå den først utsende lista. Dette har medført ein god del ekstraarbeid for bingoansvarleg. Vi vil igjen minne om at eit medlemsskap har både rettar og plikter. Neste sommar vil, forhåpentlegvis, dugnadsarbeidet avta og då bør alle klare å ta ein søndag ettermiddag som medhjelpar på bingo. Det er tross alt ei av dei største inntektskjeldene våre og bidreg sterkt til drift av laget.

Økonomi.

Økonomien i laget må seiast å vere god. Vi har fått på plass eit skyteanlegg heilt i toppen på nasjonalt plan, og sjølv om vi har brukt mykje av oppspart kapital, er vi "gjeldfri" og har pengar på bok. Den nye kasseraren / rekneskapsføraren som vart vald på årsmøtet 2016, Ronny Heggen, har innført eit nytt, profesjonelt rekneskapsprogram, og saman med Idar har dei rydda opp i ein del gamle ting som har blitt liggande. I dag fungerar dette aldeles fortrefleleg, og rekneskapen er ajour til einkvar tid. Godt jobba Ronny!!

Arbeid framover

Vi er, etter turnus, oppsett som arrangør av skifelt NM 2019. Det har allereie vore jobba med nye skytefelt i terrenget rundt Hornindal skisenter, og det må gjerast ein god del arbeid på sommarstid 2018 for at dette skal kunne gjennomførast. Ein hovedkomite må så snart råd kome i arbeid.

Opplæring av fleire personar til viktige funksjonar som f.eks. standplassleiar, vedlikehald elektronikk, vedlikehald skivemateriell, oppdatering av dataprogram etc.

Må bli flinkare til å få ut informasjon til medlemmane.

Rekruttering av nye skyttarar i alle aldrar.

Hatledal 26. oktober 2017

Paul Andreas Hatledal

- leiar -